



Landsverneplan for Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet

INNLEIING OG KRITERIUM

Oslo, 15.06.2012

Framsidebilette:

Øvst til venstre: Jotkajavre fjellstue, Finnmark (1920) © Statsbygg.

Øvst til høyre: Oslo bispegård (1883-84) © Statsbygg.

Under til venstre: Gimle terrasse, Oslo (1923) © Statsbygg.

Under til høyre: Fylkeshuset i Finnmark, Vadsø (1963) © Statsbygg.

Innhald

Innleiing	5
Bakgrunn og formål for planarbeidet.....	5
Avgrensingar.....	5
Organisering og arbeidsform.....	5
Oppfølging av arbeidet med planen.....	7
Vernekategoriar og formelle verkemiddel	7
Generelle kriterium for utveljing og vern.....	8
Nøkkeltal.....	9
Lesarrettleiing.....	10
Kompleksrapport	10
Bygningsrapport	11
Tabell over bygningane i lvp FAD	13

Innleiing

Bakgrunn og formål for planarbeidet

I 2003 sette dåverande Arbeids- og administrasjonsdepartement (AAD) – noverande Fornying-, administrasjons- og kyrkjedepartement (FAD) – i gang prosjektet *Statens kulturhistoriske eiendommer* (SKE) for å koordinere ein gjennomgang av statleg eigedomsmasse i sivil sektor. Frå hausten 2009 overtok Miljøverndepartementet (MD) ansvaret for prosjektet. Målet med arbeidet er å identifisere kulturminneverdiane i eigedommane og gi desse eit formelt vern. Formålet er å bevare eit representativt utval av statlege eigedommar som kan dokumentere viktige sider av statleg verksemd, eller som av andre grunnar har høg verneverdi.

Gjennomføringa av det statlege vernearbeidet er lagd til den enkelte sektoren slik at kvart departement er ansvarleg for at eigedomsmassen som er knytt til deira eigen sektor, blir evaluert. Arbeidet skal munne ut i sektorvise landsverneplanar som presenterer dei eigedommane som blir foreslått verna.

Landsverneplanen for Fornying-, administrasjons- og kyrkjedepartementet (FAD) skal gi ei oversikt over historia til staten og dei eigedommane som er med å dokumentere denne historia. Planen vil danne grunnlaget for vidare forvaltning av dei kulturhistoriske eigedommane som høyrer til denne sektoren. Det er i tillegg eit mål å bidra til auka medvit og kompetanse om historia og kulturminneforvaltninga til denne sektoren.

Avgrensingar

Landsverneplan for FAD er avgrensa til eigedommar som er i bruk i sektoren i dag: Statens hus, Regjeringens representasjonsanlegg, Gimlekomplekset, Oslo bispegård, bygningane innafor kulturmiljøfredinga på Bygdøy og statens fjellstuer.


Hendingane 22. juli 2011 gjer at *departementsbygningane* ikkje er med i denne omgang. Dei var behandla og har vore på høyring, men er “sette på vent”; det vil seia ikkje fremja til sluttbehandling hos Riksantikvaren så lenge det ikkje er teke noko avgjerde for framtidige planar etter terroranslaget. Departementskontora under FAD er: *Regjeringskvartalet*, inkludert Møllergata 19 og Grubbegata 1, Keyzers gt 6-8 og Victoria terrasse.

Andre statseigedommar omfattar dei eigedommane som Statsbygg forvaltar som ikkje er i aktiv bruk, som ikkje er tilknytt ein sektor, eller som av ei eller anna grunn ikkje er med i andre landsverneplanar. Statsbygg vil samanfatte desse i ein eigen landsverneplan og sjølv stå for høyring før Riksantikvaren sluttbehandlar han. Det er i forståing og samarbeid med FAD og Riksantikvaren at desse eigedommane òg har fått ei kulturminnefagleg avklaring. Det vil være til nytte i forvaltninga av den einskilde eigedom.

Organisering og arbeidsform

FAD er oppdragsgivar og ansvarleg for at det skal utarbeidast ein landsverneplan for dei samla ansvarsområda til FAD. Arbeidet har vore delt i eit forprosjekt, utarbeiding av historiedelen i tillegg til innleiande verne vurderingar og utarbeiding av sjølv landsverneplanen. Som det går fram i avsnittet over utarbeidast lvp FAD i to delar.

Historiearbeidet blei, som oppfølging av dei generelle retningslinjene i SKE-prosjektet, sett i gang tidleg i planarbeidet. Historikar Herdis Kolle førte historiedelen i pennen, og ferdig manus blei trykt i 2008 med tittelen *Statens sentrale bygningar i Noreg 1536–2007*. Historiedelen handlar om styringsverkets bygningar, og ikkje spesielt om oppgåvene som er knytte til sentralforvaltninga og departementsbygningane.



FAD let trykke *Statens sentrale bygningar i Noreg 1536-2007*, i samarbeid med SKE-sekretariatet. (Trykk: Pro-x, publikasjonskode P-0943 N).

Prosjektgruppa i Statsbygg har bestått av Øivind Skøien, Charlotte Peder-Ellefsen, Marianne Kristin Brenna og Siri Schrøder Vesterkjær – alle i Statsbygg sin kulturminneseksjon. Prosjektansvarleg i Statsbygg har vore direktør for Fagleg ressursenter Jan Myhre.

Koordineringa av det praktiske arbeidet har skjedd gjennom ei koordineringsgruppe sett saman av desse faste representantane: Kaare Falkenberg frå FAD, Andreas Skjetne og Ingrid Melgård frå RA, supplert av Ingrid Djupedal ved fleire høve, i tillegg til prosjektgruppa frå Statsbygg. Arbeidet i denne gruppa har vore leidd av Statsbygg. Prosessen har som allereie nevnt, òg omfatta eigedommar utanfor FAD sitt ansvarsområde som Statsbygg set saman til ein eigen landsverneplan.

Statsbygg har vore på fleire synfaringar og samla inn foto og annan dokumentasjon for alle aktuelle eigedommar. Riksantikvaren har delteke på fleire av desse. Forvaltarar og brukarar har òg vore verdifulle bidragsytarar. Relevant materiale og kulturminnefaglege vurderingar er lagde inn i SKE-basen (sjå Lesarrettleiing) og justerte etter drøftingar i koordineringsgruppa. Koordineringsgruppa har òg stått for det endelege utvalet. Arbeidet med forbedring av tekst og biletmateriale i SKE-basen er utført fortløpande.

Oppfølging av arbeidet med planen

Landsverneplanen er resultat av ein langvarig prosess. Planen blir oversend til Riksantikvaren til endeleg godkjenning og iverksetjing av den formelle forskriftsfredinga. Departementet og egedomsforvaltar har ansvaret for at det blir utarbeidd forvaltningsplanar for alle bygningane som skal vernast. Slik vil planen bli teken i bruk i den daglege forvaltninga av egedommane.

Prosedyre og anbefaling for det vidare arbeidet med planen er skildra i *Forvaltning av statens kulturhistoriske egedommar*, FAD 2006. I tråd med denne, som er forankra i kongeleg resolusjon av 01.11.2006, skal det utarbeidast forvaltningsplanar for alle egedommane som er omfatta av landsverneplanar eller er verna gjennom tidlegare formelle vedtak. Forvaltningsplanane vil gå djupare inn i operasjonaliseringa av vernet som dei enkelte bygningane er omfatta av, og korleis dei skal forvaltast.

Vernekategoriar og formelle verkemiddel

Rettleiinga *Arbeid med statlige verneplaner* (2005) frå Riksantikvaren angir vernekategoriane i ein landsverneplan. Desse kategoriane er brukte av FAD i rettleiinga *Forvaltning av statens kulturhistoriske egedommar* (2006), som saman med kongeleg resolusjon av 01.11.2006 legg fast prosedyrar for planarbeidet. Dei aktuelle vernekategoriane er:

Verneklasse 1: Omfattar kulturminne og kulturmiljø som skal fredast etter kulturminneloven. Dette gjeld her seks bygningar, men ikkje nødvendigvis heile bygningane. Dette kan gjelde soner i interiøret eller eit enkelt rom. Ein bygning kan òg – i tillegg til verneklasse 1 – ha delar i verneklasse 2.

For dei delane av bygningen som blir freda, skal alle endringar og tiltak ut over vanleg vedlikehald godkjennast av Riksantikvaren før dei kan setjast i gang.

Kulturminneloven § 22 a gir Riksantikvaren høve til å frede statlege bygningar og anlegg gjennom forskrift. Dette inneber ei forenkling samanlikna med ordinære fredingsprosessar og vedtak. Landsverneplanane gjer bruk av slik forenkla forskriftsfreding (og er derfor avgrensa til statleg egedom).

Det er viktig å presisere at freding av ein bygning *ikkje* betyr stillstand. Landsverneplanarbeidet er spesielt på den måten at det omfattar bygningar som er i bruk og framleis skal brukast og utviklast. Freding betyr her meir *styrt utvikling*: at tiltak blir drøfta med vernemyndigheitene før iverksetjing for å bli meir medvitne om kvalitetane ved den enkelte bygningen, og velje løysingar som ivaretek desse.

Verneklasse 2: Omfattar kulturminne og kulturmiljø som er foreslått verna i kraft av landsverneplanen, eller som allereie er underlagt vern gjennom plan- og bygningsloven. Kulturminneomsyn ved endring og tiltak ut over vanleg vedlikehald skal takast i vare av eiga verksemd, gjennom eigen eller ekstern kulturminnekompetanse. Verneklasse 2 gir ikkje eit juridisk bindande vern og er i første rekkje eit sjølvpålagt, etatsinternt vern. Kulturminne og -miljø i verneklasse 2 skal kunne fremjast til regulering gjennom bruk av omsynssone etter

plan- og bygningsloven. Omgrepet *omsynssone* blei innført ved siste revisjonen av loven (gjeldande frå 1.7.2009) og opnar for at vernet òg kan omfatte materialbruk og interiør – noko det tidlegare reguleringsformålet *spesialområde bevaring* ikkje omfatta. Ved eventuell avhending av eigedommar i denne verneklassen må eigedomsinnehavar vurdere regulering før sal.

Oppfølging av verneomsyn i både verneklasse 1 og 2 kjem òg inn under etatsstyringa til departementet.

I katalogoppslaga over alle eigedommane som er valde ut til å bli verna, står det for kvar bygning kva for ein vernekategori som er foreslått.

Generelle kriterium for utveljing og vern

Hovudkriteriet for utveljing av den enkelte eigdommen er i kor stor grad eigdommen dokumenterer sentrale delar av den historiske utviklinga i sektoren og viser korleis hendingar, politiske vedtak og lovendringar kjem til uttrykk i eigedomsmassen.

Landsverneplanarbeidet er avgrensa til å omfatte all eigedom som er ått av staten og er i bruk av sektoren i dag. Utveljinga av kulturhistoriske eigedommar i statlege landsverneplanar er basert på eigne utveljingskriterium i tillegg til Riksantikvarens tradisjonelle vernekriterium. Jamfør *Veileder og eksempelsamling for katalogdelen i en landsverneplan (SKE/FAD)*, april 2005:

Dokumentasjonsverdiar / kunnskaps- og kjeldeverdi:

- bygningshistorisk verdi
- teknikkhistorisk/handverkshistorisk verdi
- arkitekturhistorisk/stilhistorisk verdi
- samfunnshistorisk/sosialhistorisk verdi
- personalhistorisk verdi

Dette er verdiar som i stor grad er objektive og målbare.

Opplevingsverdiar:

- arkitektonisk verdi
- kunstnarisk/estetisk verdi
- bruksprega, aldersprega verdi, "patina"
- miljøskapande verdi
- identitetsskapande/kontinuitetsskapande verdi
- forbløffings-/nysgjerrighetsskapande verdi
- symbolverdi

Dette er verdiar som i stor grad ikkje er målbare, men meir subjektivt baserte.

Forsterkande, overgripande føresetnader som fremjar desse verdiane:

- kor autentiske/ekte/truverdige
- kva for kvalitet/vedlikehaldstilstand

- kor tydelege / kva for pedagogisk potensial
- kor representative/sjeldsynte
- kor anvendelege / kor fungerande

Riksantikvaren sine kriterium for verneverdiar kan delast i to grupper: dokumentasjons-/kunnskapsverdi (historisk kjeldeverdi) og opplevingsverdi (symbolverdi, identitetsverdi, miljøverdi, arkitektonisk og kunstnarisk verdi osv.). Desse verdiane må i tillegg vektast i forhold til forsterkande føresetnader som mellom anna kor autentiske, representative/sjeldsynte bygga er, og kva for pedagogisk verdi og teknisk tilstand dei har. Sjå òg *Alle tiders kulturminner* (Riksantikvaren 2004).

Nøkkeltal

Utgangspunktet for verne vurdering og utveljing i denne planen har vore dei eigedommane som er i bruk i sektoren i dag: Statens hus i Vadsø, Regjeringens representasjonsanlegg, Gimlekomplekset, Oslo bispegård, bygningane innafor kulturmiljøfredniga på Bygdøy og statens fjellstuer.

I alt er 87 bygningar omfatta av lvp FAD. 60 bygningar ligg innafor området omfatta av kulturmiljøfredninga på Bygdøy; alle er freda (Vk 1). Av dei 27 andre bygningane i planen er 16 Freda (Vk 1) og 11 Verna (Vk 2).

Sjå elles detaljert presentasjon av dei enkelte eigedommane og bygningane i katalogoppslaget til den enkelte bygningen.



Om vi reknar med *departementsbygningane og andre statseigedommar*, har arbeidet med vurdering og utveljing totalt omfatta 303 bygningar fordelt på 96 eigedommar. Sjå under Avgrensingar på side 5.

Lesarrettleiing

Dokumentasjonen av bygningane og forslaga til vern ligg i ein database kalla SKE-basen. Rapportar frå denne databasen utgjer beskrivinga av forslaga til vern som er viste her. Desse rapportane inneheld biletdokumentasjon og opplysningar om grunneigedom, bygnings- og institusjonshistorie, verneverdi med meir. Kvar institusjon eller lokalitet er forstått som eit *kompleks*, og det er derfor to typar rapportar: først ein samla *kompleksrapport*, deretter ein meir spesifikk *bygningsrapport* for den eller dei bygningane i komplekset som er foreslått verna. Nedanfor kjem forklaring på nokre viktige tekstfelt og kartsymbol som blir brukte i desse rapportane.

Kompleksrapport

Rapporten har på første side ein tabell med overskrifta *Bygningsoversikt, omfang vern* der det står ei oversikt over bygningar som skal vernast, kva verneklasse bygningen kjem i, og kor mykje av bygningen som skal vernast. Desse opplysningane finn ein òg i kvar enkelt bygningsrapport, men då med ein meir utfyllande tekst i feltet med overskrifta *Vern*. Det samla institusjonsanlegget blir presentert i kompleksrapporten, og i feltet med noregskartet står: *Foreslått vernekategori: Verneklasse 1, freding* eller *Verneklasse 2, bevaring*. Denne opplysninga finn ein òg meir utfyllande skildra lenger nede i kompleksrapporten i feltet med overskrifta *Vern kompleks*. Det er viktig å vere merksam på at kva verneverdi komplekset står oppført med, ikkje har noko å seie juridisk, men blir skrive på denne måten for å orientere om at komplekset har ein bygning som blir foreslått med tilsvarande verneverdi.



Situasjonskartet viser eigedommen som er omfatta, eigedomsgrenser er markerte med raud farge. Alle bygningane på eigedommen (komplekset) blir viste i grått eller med farge dersom dei skal vernast: Blå bygningar tilsvare freding (verneklasse 1), og gul farge tilsvare bevaring (verneklasse 2). Bygningane vil som hovudregel vere viste i kartet med GAB-nummer. I nokre tilfelle er det òg vist eit skravert areal på kartet: Blå skravur markerer eit areal som blir foreslått freda, gul skravur markerer areal som blir foreslått bevart. Gul skravur blir òg brukt for område som allereie er regulerte til spesialområdet bevaring etter plan- og bygningsloven. Verneverdien til desse areala vil vere presenterte som del av komplekset, mens det òg kjem fram i den innleiande bygningsoversikta, under omfang, at *Utomhus* er foreslått verna.

Bygningsrapport

I det første feltet, *Bygnings- og eigedomsdata*, er *Vernestatus* oppgitt: Opplysningane her refererer til vern eller verne vurderingar som ligg føre uavhengig av dei verneforslaga som kjem fram i landsverneplanen. Vernestatus kan for eksempel vere at eigedommen er regulert til spesialområde bevaring, og at dette er eit kommunalt vedtak som vil halde fram å gjelde, også dersom landsverneplanen fører til freding.

Plassomsyn avgrensar moglegheita til å gi ei meir inngåande og fullstendig grunngiving under kvar enkelt bygning i katalogen. Det vil vere nyttig å lese alle verneforslaga, sidan dei vil utfylle kvarandre og gi ei betre forståing av det særpreget, dei innbyrdes forskjellane og dei spesielle kvalitetane dei ulike departementsbygningane har.

Tabell over bygningane i lvp FAD

Kom-pleks nr.	Kompleksnavn (SKE)	Bygg nr.	Byggnavn (SKE)	GAB	Verne-forslag LVP	Kommune	SB-region
	STATENS HUS						
56	Statens hus i Vadsø	24	Statens hus i Vadsø	11646352	1	Vadsø	EN
963	Finnmark fylkesmannsbolig Vadsø	2076	Finnmark fylkesmannsbolig Vadsø	192348196	1	Vadsø	EN
964	G. Gulliksensgt. 6, Vadsø, vaktm.bolig	10709	Vaktmesterbolig Statens hus Vadsø	192371031	1	Vadsø	EN
	REGJERINGENS REPRESENATSJONS-ANLEGG						
173	Regjeringens representasjonsanlegg	525	Regj.repr.bolig, Parkvn.45	80512325	1	Oslo	EØ
		11075	Riddervoldsgate 2	80512910	1	Oslo	
		9903490	Utomhus		2	Oslo	
3547	Inkognitogt. 18, Oslo	11074	Inkognitogt. 18	80510365	2	Oslo	EØ
	GIMLEKOMPLEKSET						
62	Gimlekomplekset	59	Gimle terrasse 5	80491611	2	Oslo	EØ
		58	Gimle terrasse 7	80500254	2	Oslo	
	OSLO BISPEGÅRD						
3571	Oslo bispegård	11101	Oslo bispegård - hovedbygning	80606451	1	Oslo	EØ
		11102	Oslo bispegård - stall/uthus	80606478	1	Oslo	
	BYGDØ KONGSGÅRD						
1624	Bygdø Kongsgård	14698	Bod, skolehagen	81259135	1	Oslo	EØ
		14666	Bod - Sjøppel / sagflis	81718245	1	Oslo	
		3685	Boligblokk 1	81281785	1	Oslo	
		3686	Boligblokk 2	81281866	1	Oslo	
		14060	Carport, Hengsåsen		1	Oslo	
		3680	Driftsbygning	80792328	1	Oslo	
		14676	Dukkestue - Villa Gjøa		1	Oslo	
		3709	Enebolig, Hengsåsen	81268797	1	Oslo	

		3683	Forvalterbolig	81281688	1	Oslo	
		3690	Fruktlager	81281858	1	Oslo	
		3687	Funksjonærbolig 1	81281750	1	Oslo	
		3688	Funksjonærbolig 2	81281777	1	Oslo	
		14688	Fyrhus, Gartneriet	81281645	1	Oslo	
		3696	Fôrlager	81825475	1	Oslo	
		3682	Garasje	81007985	1	Oslo	
		14059	Garasje – funksjonærbolig I & II	81281793	1	Oslo	
		14062	Garasje, Hengsengen	81576394	1	Oslo	
		14063	Garasje - sidebygn. 2 - Hengsengen	80614276	1	Oslo	
		14057	Garasje, Gartneriet	81281599	1	Oslo	
		13584	Garasje, Hengsåsen	81268827	1	Oslo	
		3684	Garasjer	81281718	1	Oslo	
		3695	Gartnerbolig	81281610	1	Oslo	
		3691	Gårdsfullmekterbolig	81281696	1	Oslo	
		3705	Hovedbygning - Hengsengen	80614241	1	Oslo	
		3699	Hovedbygning - Strømsborg	81312400	1	Oslo	
		14048	Hønsehus	1822875	1	Oslo	
		3703	Kafebygning m/bolig, Rodeløkken	81786216	1	Oslo	
		3697	Kalvefjøs	80809301	1	Oslo	
		14675	Kiosk - Villa Gjød		1	Oslo	
		13565	Musikkpaviljong, Sæterhytten	81801088	1	Oslo	
		13569	Paviljong, Rohdeløkken		1	Oslo	
		3700	Pensjonistbolig I, Strømsborg	81312524	1	Oslo	
		3701	Pensjonistbolig II, Strømsborg	81312516	1	Oslo	
		14053	Redskapsbod, Hengsengen	80614284	1	Oslo	
		3681	Redskapshus I	80817770	1	Oslo	
		3710	Sæterhytten	80779410	1	Oslo	
		3706	Sidebygning I, Hengsengen	80614233	1	Oslo	
		3707	Sidebygning II, Hengsengen	80614322	1	Oslo	
		13562	Skogvokterhytta	81312486	1	Oslo	
		3693	Skur/uthus (mellom boligb. I & II)	81281874	1	Oslo	
		3689	Stabbur	81281726	1	Oslo	
		13520	Stabbur, Hengsengen	80614314	1	Oslo	
		3698	Stall	81281882	1	Oslo	
		3694	Tømmerbolig Thulstrup	81281572	1	Oslo	
		3708	Utedo, Hengsengen	80614306	1	Oslo	

		14689	Uthus 3 (tidl. hønsehus), Hengsengen	81268835	1	Oslo	
		14064	Uthus - sidebygning. 2 - Hengsengen	80614268	1	Oslo	
		14061	Uthus - Hengsengen	80614225	1	Oslo	
		14056	Uthus, Gartneriet	81281602	1	Oslo	
		13585	Uthus, Hengsåsen	81268819	1	Oslo	
		14054	Uthus, Rohdeløkken	81786208	1	Oslo	
		14065	Uthus, Rohdeløkken (tidl.toalettbygg)	80963327	1	Oslo	
		13563	Uthus, Skogvokterhytta	81312494	1	Oslo	
		3702	Uthus, Strømsborg	80782764	1	Oslo	
		14049	Uthus, Thulstrup	81281564	1	Oslo	
		13568	Uthus/garasje - Villa Gjød	81312435	1	Oslo	
		3711	Uthus, Sæterhytten	81258872	1	Oslo	
		14052	Vedbod - uthus 2 - Sæterhytten	81258880	1	Oslo	
		3692	Vedskjul	81281769	1	Oslo	
		13561	Villa Gjød	81312427	1	Oslo	
	FJELLSTUER						
872	Mollisjok fjellstue	2131	Mollisjok, badstue gammel	192851513	1	Karasjok	EN
		2129	Mollisjok fjellstue, driftsbygning	192851548	1	Karasjok	
		2128	Mollisjok fjellstue, gjestestue	192851505	1	Karasjok	
		2032	Mollisjok fjellstue, oppsitterbolig	192851483	1	Karasjok	
		2132	Mollisjok fjellstue, sommerfjøs	192851556	1	Karasjok	
		2130	Mollisjok fjellstue, vedsjå	192851491	1	Karasjok	
		9903465	Utomhus		1	Karasjok	
871	Jotkajavre fjellstue	2121	Jotkajavre fjellstue, oppsitterbolig	192554314	2	Alta	EN
		2122	Jotkajavre fjellstue, driftsbygning	192551161	2	Alta	
		2120	Jotkajavre fjellstue, gjestestue	192597978	1	Alta	
		2126	Jotkajavre uthus	19905152	1	Alta	
		2123	Jotkajavre fjellstue, badstue	192552613	2	Alta	
		9903466	Utomhus		2	Alta	
873	Ravnastua fjellstue	2133	Ravnastua fjellstue, gjestestue	12802234	2	Karasjok	EN

		2138	Ravnastua fjellstue, badstue	192852072	2	Karasjok	
		2135	Ravnastua fjellstue, driftsbygning	192852072	2	Karasjok	
		2136	Ravnastua fjellstue, folkestue	12802234	2	Karasjok	
		2137	Ravnastua fjellstue, vedsjå	192852072	2	Karasjok	
874	Bæivasgiedde fjellstue	2139	Bæivasgiedde fjellstue, fjellstue	192852013	1	Karasjok	EN
		990370	Utomhus		1	Karasjok	
984	Harvasstua	10701	Fjellstue	188138772	1	Hattfjelldal	EM
		10702	Stall	188138780	1	Hattfjelldal	
Totalt: Utvalgte til Vk 1 eller Vk 2: 13 eigedommar, 87 bygningar							